



Engkarsen spreier seg utover Uskedalen og ein lesar ber oss som eit apropos til nype-saka tidlegare i dag skriva litt om ein annan blome som har vore nytta i medisinen. Det er engkarsen som no er å finna over nesten heile Neset og andre stader.

Tidlegare, fortel lesaren, vart bladene nytta mot skjørbuk, dårleg fordøyelse, hoste, astma og for å gje folk betre appetitt. Bladene og også blomane kunne også nyttast mot krampe, slim og urinproblem i tillegg til at dei var generelt stimulerande.

Ei vidunderplante, med andre ord.

Biletet: Åker av engkarse på Neset.

Foto: Ola Matti Mathisen